

ÅRSMØTE 2004 - 25. februar 2004

REFERAT

14 medlemmar møtte opp på møtet som vart helde i kantina til Berge & Co på Kronborg

Sak 1. Rune vart vald til ordstyrar og Frank til skrivar

Sak 2. Innkallinga vart godkjent

Sak 3. Saklista vart godkjent

Sak 4. Årsmelding

Årsmelding vart opplesen og godkjent med fylgjande endringar under aktivitetar 2003:

Det var utegløynt:

- > 5 treningar i symjehallen
- > open "dag" i symjehallen
- > turen vi hadde til hytta til Geir (firmahytte) på Stavøya

Sak 5. Rekneskapen

Rekneskapen vart gjennomgått. Vi har til no ikkje hatt revisjon av rekneskapen. Dette vil vi frå og med dette årsoppgjaret, endre på. Men sidan rekneskapen er enkel og oversiktleg, blei det pålagt det nye styret å gå gjennom og revidere den framlagde rekneskapen. Eventuelle avvik skal rapporterast tilbake til medlemmane. Om styret eller nok medlemmar ser det naudsynt, blir det kalla inn til ekstraordinært årsmøte.

Ballanse- og resultatoversikt ligg vedlagt.

Sak 6. Investeringar 2004

Det vil i 2004 vere behov for nokre nye investeringar. Årsmøtet ga det nye styret i oppgåve å kjøpe inn etter økonomisk evne. Det som står øvst på behovslista, er fylgjande:

- > 2 - 3 våtdrakter i små storleikar (vi har ikkje høvelege drakter til dei minste kursdeltakarane)
- > Diverse reparasjonsutstyr til klubben sine kajakkar
- > Tryggileikspakke for turar som skal innehalde førstehjelpsmateriell, reserveåre, varsels- og nødlys, slepetau mm
- > Ein instruksperm/brukermanual som skal fylge kajakk-tilhengaren (instruks om lasting og stropping, sjekklistar mm). Instruks skal og hengast opp i naustet.

Sak 7. Sommar-/haustleir på Balandet

Rune ynskjer å få til ei padlesamling i august på Balandet. Årsmøtet stilte seg positiv til opplegget. Det er reservert hytter ("Bualemmen" og "Gamlestaua") og campingplass hos Liv Turid Gjørøy. Opplegget blir støtta av padleforbundet, også økonomisk. Det vil bli ope for alle. Det blir guiding av turar i området (ulike ferdighetsnivå) og kanskje og kurs. Det blir ei enkel organisering der deltakarane ordnar med mat sjølve. Rune arbeider vidare med opplegget. Første oppgåva blir å få med 2-4 personar til som vil vere med i ei Kjernegruppe. Noko for deg? Eller kanskje du kan bidra med ein innsats. Det blir nok og behov for nokre "fotfolk". Vi kjem tilbake med meir info etter kvart.

Sak 8. Treningskontaktar for personar med rusproblematikk

SKK er invitert av Sogn og Fjordane idrettskrins og psykiatrisk klinikk i eit prosjekt med tanke på å gi personar som er i behandling, tilbod om ulike aktivitetar. Dei andre som er invitert er Turlaget, Orienterings-gruppa og klatrekubbane i Førde og i Høyanger.

Årsmøtet stilte seg positiv til eit slikt samarbeid under føresetnad av at nok medlemmer melder si interesse til å vere treningskontakt. Det blir gitt eit tilskot på 2000 kr pr deltakar, som anten blir gitt til treningskontaktane eller det går til klubben. Konklusjonen på møtet var at det blir opp til treningskontaktane å bestemme om det blir det eine eller andre.

Treningskontaktane får gratis deltaking på treningskontaktkurset som går over to helgar.. Det inneholder treningslære og grunninnføring i psykiatri og rusproblematikk. Rune meiner dette kurset ser ut til å vere eit svært bra kurs.

Det vil og bli gitt eit oppstartstilskot til klubben. Rune vil såke om at det blir gitt tilskot til to toar-kajakkar. Desse vil vere svært nyttige i eit slikt opplegg, men sjølv sagt vil dei og komme til nytte for klubben sine medlemmar.

Sak 9. Rabattavtale med Din Sport

Åsmøtet sa seg nøgd med den avtala klubben har fått med Din Sport. Avtala er som fylgjer:

Din Sport gir fylgjande rabattar til betalande medlemmar i SKK (ved visning av medlemskort):

> Kajakkar	15 % rabatt
> Padleutstyr (kle, vestar, årer)	20 % "
> Fjellutstyr frå Ferino	30 % "
> Fjell- og fritidssko frå Beck	20 % "

I tillegg får klubben sponsa annonsar vi har i Firda.

Din Sport satsar no på kajakk. Dei held på å ta inn diverse utstyr og dei vil og ha inne diverse kajakkar. Elles så bestiller dei varer etter behov.

Sak 10. Val

Styret frå i fjar held fram også i 2004. Det var Geir, Tove og Rune som var på val. Geir var vara i fjar, men ynskte no å sleppe andre til. Årsmøtet takkar Geir for innsatsen så langt. Det vart vald inn to nye varamedlemmar til styret.

Styret i SKK for 2004, blei valt med aklamasjon, og er som fylgjer:

Rune Berge (leiar) (1. år)
Tove Irene Bjørnseth (kasserar) (1. år)
Frank Zwijnenburg (2. år)
Maren Heinåli (2. år)
Tore Gjelsvik (2. år)
Bjørn Henrik Færøy Odéen (Vara) (ny)
Sissel Strømmen (Vara) (ny)

Sak 11. Eventuelt

Ingen saker

Referent: Frank og Rune